



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Herøy kommune  
Boks 173  
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	07.05.2020	56988/2020/REGULERINGSPLAN/1515	Ingeborg Forseth, 71 28 01 55	13.05.2020

## **Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Fosnavåg hamn - Nørvågen gbnr 33/5 mfl - fråsegn ved varsel om oppstart**

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### **INNLEIING**

Det er varsle oppstart av arbeid med detaljregulering for etablering av massedeponi, nytt næringsareal og nye kaier i indre del av Fosnavåg hamn. Bakgrunnen for planarbeidet er ønskje om å utdjupe hamnebassenget og innsegling, leggje til rette for eitt samla deponi i indre hamn for sterkt forureina mudringsmasse og å regulere for nytt næringsareal på nytt nivå over deponiet, samt nye kaier i front.

### **INNSPEL TIL PLANARBEIDET**

#### **Planfaglege merknader**

Detaljregulering - reguleringsplan for Fosnavåg hamn - Nørvågen gbnr 33/5 mfl er eit utreda og et akseptert alternativ for deponi. Vi vil likevel vurdere endringane i samband med dei planane som gjeld i dag når planen kjem på ettersyn.

#### **Samfunns- og næringsutvikling**

Vi viser til Kystverkets fråsegn datert 05.06.2020, om at reguleringsbestemmingane (§3) i planforslaget som er lagt fram, bør ha meir forpliktande innhald enn det som ligg føre. Er føremålet med utdjuping av bassenget til stades dersom planbestemmingane er so opne at heile området innanfor kaiane i praksis skal kunne tillatast fullt utbygd berre med kontorbygg?

#### **Automatisk freda kulturminne**

Verken fylkeskommunen eller Museum Vest vurderer området til å ha høgt potensial for automatisk freda kulturminne, og har derfor ingen merknader knytt til dette området.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i sjøen. Vi gjer derfor merksam på at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresagnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

**KONKLUSJON**

Vi viser til våre merknadar og ber om at desse blir tatt med i den vidare sakshandsaminga.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Ingeborg Forseth  
Rådgivar

*Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir*

Kopi:  
Statens vegvesen, Region midt  
Kystverket Midt-Norge  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal